

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.06.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Arbeidet med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen vert justert i hending til følgjande punkt, med verknad frå skuleåret 2019-2020:

1. Ordning med ungdomsprogramråd vert vidareført. Ungdomsprogramrådet vel ut fire produksjonar som inngår i programmet, to til grunnskulen og to til vidaregåande skule.
2. Faggruppene skal ha føremålstenleg samansetting som sikrar god, fagleg vurdering av alle innkomne forslag til programmet.
 - a) I kvar faggruppe skal det i hovudsak vera minimum to og maksimum fire eksterne fagpersonar, i tillegg til maksimum to fagpersonar frå Kultur- og idrettsavdelinga ved Seksjon for kunst- og kulturformidling.
 - b) Faggruppene har følgjande mandat: gjere fagleg vurdering av alle innkomne forslag, og tilrå produksjonar som kan inngå i programmet.
 - c) Kvar faggruppe vel ein representant i fagleg råd.
 - d) I kvart tilfelle vert det vurdert godtgjersle for førearbeid og deltaking i faggrupper og fagleg råd. Godtgjersle følgjer gjeldande satsar for oppdrag i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Det er forventa at representantar som har betalt arbeid i ein utdannings-/kunst- og kulturorganisasjon/-institusjon får dekkja arbeidstida som er brukt i faggrupper og fagleg råd av sin arbeidsgjevar.
 - e)
3. Følgjande kriterier skal leggest til grunn for utvalet av kunst- og kulturproduksjonar til grunnskulen og vidaregåande skule:
 - a) Forslagsstillar skal ha levert fullstendig søknad innan fristen, med vedlegg eller link til lyd- og/eller filmopptak der dette er naturleg.
 - b) Kvar produksjon i programmet skal ha profesjonalitet i innhald og formidling.
 - c) Programmet skal gjennomførast i skuletida.
 - d) Programmet skal ha variasjon i uttrykk og genremessig breidd, spelestad og formidlingsmåte.
 - e) Programmet skal tilføre skulen møte med profesjonell kunst og kultur, og ikkje erstatte delar av skulen sin undervisning i estetiske fag.
 - f) Det skal vera eit særskild fokus på regionale og lokale utøvarar, og nyskapande kunst skal prioriterast.
 - g) Det samla programmet skal ha god kjønnsfordeling blant utøvarane.
 - h) Det samla programmet skal innehalde ein høg del produksjonar på nynorsk og målføre.
 - i) I det samla programmet skal det vera god balanse mellom ulike formidlingsmåtar og – arenaer.
 - j) I det samla programmet skal det vera god balanse mellom produksjonar av/med freelanceutøvarar/frie grupper og større kunst- og kulturinstitusjonar.
 - k) På scenekunstheltet skal tilbodet fordelast slik at større kunst- og kulturinstitusjonar og freelanceutøvarar/frie grupper kvar skal ha minimum 30% av volumet til høvesvis grunnskulen og vidaregåande skule, dersom det er søkjargrunnlag for det.
 - l)
4. Ordninga med tildeling av kr 50 000 til fem regionale samarbeidsgrupper vert avvikla, til fordel for sterkare satsing på programmet til grunnskulen.